



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.: 15/3209

Vår dato: 07.01.2016

Vår ref.: 2015/11617

Arkivnr.: 734.3

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Høyrings svar - forslag til endringar i psykisk helsevernloven – kontroll for å hindre innføring av legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, farlege gjenstandar og rømmingshjelpemiddel**

Høyrings svaret vert samstundes registrert elektronisk i den nye nettløysinga på [svar.regjeringen.no](http://svar.regjeringen.no).

Fylkesmannen i Rogaland meiner at fleire individrettslege sider er for lite drøfta i framlegget til endringar i psykisk helsevernlova. Vi vil trekke fram at rutinemessig kontroll av person (kroppsvistasjon) og eigendelar, når pasienten kjem til ein psykiatrisk institusjon, vil kunne ha uheldige sideeffektar, først og fremst ved at dette kan undergrave tilliten til helsetenesta. Pasientar som kjem til innlegging i det psykiske helsevernet er svært sårbare, og slik ransaking vil for mange kunne opplevast som ei krenking. Dette kan gjere at terskelsen blir høgare for at dei som treng det mest, søker hjelp i det psykiske helsevernet.

For dei som blir innlagde med tvang, er slik ransaking ein mogleg trussel mot den retten individet har til respekt for privatlivet, nedfelt i EMK artikkel 8.

Gjennom forslaget kan pasientar oppleve seg utsett for vilkårlege inngrep i privatlivet, i strid med dei krava til individuell grunngjeving som denne artikkelen føreset.

I tilfelle der pasienten set seg i mot kroppsvistasjon, kan det ende opp i ein maktsituasjon i strid med forbodet mot inhuman behandling nedfelt i EMK artikkel 3.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Åshild Vistnes van der Veen  
ass. avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Hellang  
E-post: [fmromhe@fylkesmannen.no](mailto:fmromhe@fylkesmannen.no)